

Årsberetning 2020

Studentunionen 2020 har hatt eit spesielt år. Mykje av planane som vart lagt tidleg på året og strategien vart iversatt tidleg. i mars var inntrykket til HS at Studentunionen var på gli.

Plutseleg måtte alle utval og alle tillitsvalte snu på femøringen 13.mars. Arrangement vart avlyste og studentunionen vart sterkt prega av digitalt alternativt opplegg.

Økonomisk sett har det vert ei utfordring og med fokus på det faglege og sosiale har det vert ein kamp. Der i mot har Studentunionen stått på når det trengst, mange har slite med motivasjonen og gjennomføringskrafta men samtidig så har mange vist seg frå den beste sida si i ein kritisk situasjon.

Hovudstyret gjorde drastiske endringar tidleg i perioda ved å revidera visjonen, overordna mål og måten vi ville rekruttere nye medlemmer. Studentunionen har hatt tre satsingsområde gjennom 2020.

Styrke
Studentdemokratiet

Effektiv og Bærekraftig
Ressursbruk

Synleg og Attraktiv
Organisasjon

Styrke studentdemokratiet

I det strategiske målet «Styrke Studentdemokratiet» har studentunionen utvikla vidare på HS2019 sine omorganiserings tiltak. Gjennom analysar og erfaringar har HS2020 vidareført og utvikla omorganiseringa til Intern-politiskutvalg. Internpolitisk utval endra namn til TU-ledelsen og TU-Ledelsen har vorte flytta oppover i organisasjonskartet. Dette vart gjort fordi dei tillitsvalte er den sterkaste stemma i studentdemokratiet og for å danna eit forum kor både TU-lederane og SHK leiinga har tett og ofte dialog.

Vi har òg gått eit steg lenger enn det strategien krev. Både Bergen og Oslo sine stedsbaserte studentar, og dessutan Nettstudentane har no fått ein Hovudtillitsvalgt som er den høgaste tillitsvalgt representanten. Oslo sin Hovudtillitsvalgt (Tidlegare Politikk-og Fagansvarlig) er

òg med på Månadlege møte med Administrerande direktør og Rektor. Dette er eit tiltak for å forsikra oss om at informasjon frå studentane og frå institusjonen ikkje skal forsvinna gjennom unødvendige ledd.

Strategien krev at to mandat skulle skrivast og leggjast fram på generalforsamlinga i vår. Begge desse vart vedtatt. TU-ledelsen med mandatet sitt er sett og skal reviderast om 1 år. Generalforsamlinga på våren 2020 bestemte også at SHK skal nasjonaliserast og fusjonera med SHK Bergen. Det skulle også gjennomførast ein nasjonal TU-konferanse der dette skulle realiserast. HS har vedtatt og setje i verk det mandatet har tilatt av utsetjing. Dermed vil nasjonaliseringa ikkje bli ein realitet før 2021. TU-konferansen har vorte erstatta med eit E-kurs og ei Handbok for tillitsvalte. Dette er gjort for å tilfredstille smittevernstiltak.

SHK 2020 har fokus på samarbeid med institusjonen på alle nivå. HS2020 kan informera om at inntrykket er klart og tydeleg at Høgskulestyret og administrasjonen er interessert i og gjennomfører mykje av det studentane krev og ynskjer.

Samarbeidet med TU-fagskulen var sterkt i mars som var planen. Det vart sett ned ei prosjektgruppe som skulle arrangera ein fagskulefest på campus spikersuppa. Denne vart diverre avlyst men begge studentbarane som skal stå som arrangørar er klare for å arrangera på nytt ved første høve.

Satsinga på linje og interesse-foreiningar har vort turbulent. HS2020 var deltakande på fleire årsmøte og på foreningsdagane for å rekruttere til, bli med og auke interessa og engasjement for linje-og interesseforeiningar. Dette arbeidet vart nedprioritert og veldig vanskeleg så fort korona trefte 13.mars. Derimot har leiar i linje- og Interseforeningsutvalet gjort ein god jobb med å halde dialog, vere første linje bistand til SHK-fondet og vorte med på å skapa nye og hjelpa med og halde eksisterande foreiningar i live.

Eksternpolitisk satsing har HS jobba i diverse forum for å gjere SHK meir anerkjent i det studentpolitiske ordskiftet.

Leiar i Studentunionen har vort representert som delegasjonsleiar i Norsk studentorganisasjon, delegasjonsleiar i velferdstinget og saman med Tu-leiar FK vort delegat på Landsmøtet til Organisasjon for fagskulestudentar. Både Leiar, Nestleiar og Hovudtillitvalt for

nettstudentane har vert aktivt med i det offentlege ordsiftet gjennom debatt og lesarinnlegg. Delegasjonen frå HK har også fått utdelt ein pris for årest delegasjon i 2020 av arbeidsutvalet i VT for sin aktivitet i det offentlege ordsiftet under korona-pandemien.

- Kjære Regjering Takk men nei takk – *Aleksandra Langsø*
<https://universitas.no/debatt/66910/kjare-regjering-takk-men-nei-takk/>
- La oss snakke litt tall – *Aleksandra Langsø*
<https://khrono.no/la-oss-snakke-litt-tall/476356>
- Kvifor inkluderer ikkje regjeringa alle landets studenter – *Aleksandra Langsø*
<https://framtida.no/2020/03/28/kvifor-inkluderer-ikkje-regjeringa-alle-landets-studentar>
- Plaster er ikkje godt nokk på ei massiv blødning – *Kristoffer M. Egset*
<https://universitas.no/debatt/66912/plaster-er-ikkje-godt-nokk-pa-ei-massiv-blodning/>
- Gjeste-lista! Reis heim frå hytta – *Kristoffer M. Egset*
https://universitas.no/debatt/66887/gjestelista-reis-heim-fra-hytta/?fbclid=IwAR2vWgaXGvhs0opieLC1_q-rHdDZkRXmNCPE74dOtmYRR3exGEZWXCvHu-Q
- Mari tok nettstudium ved sida av jobben. No får ho ikkje dagpengar – *Mari Vesela*
<https://frifagbevegelse.no/magasinet-for-fagorganiserte/mari-24-tok-nettstudium-ved-sida-av-jobben-no-far-ho-ikkje-dagpengar-6.158.698416.c8624788eb>
- Innlegg: Må jeg slutte å studere? – *Mari Vesela*
<https://www.dn.no/innlegg/koronaviruset/koronadebatt/utdannelse/innlegg-ma-jeg-slutte-a-studere/2-1-795393>

HS har òg vert med på ordsiftet i diverse digitale forum. Høgskule og Universitetslova som har vert på høyring har SHK ikkje sendt eit eige høyringsvar men har vert med andre sine. Samarbeidet med andre institusjonar har blir sterkare både gjennom dialog og samarbeidsprosjekt som dette her. Vi har merka at stemma til SHK har blir sterkare når studentorganisasjonane står saman. SHK2020 har også sendt høyringsvar angående andre relevante tema som for eksempel salutt-kurs for studentbarar.

HS2020 har gått hardt inn for å revidere vedtektene til å bli modernisert til det punktet SHK opererer på no. Politisk måldokument er foreslått flytta til TU-ledelsen der politikken internt og eksternt høyrer heime.

Effektiv og berekraftig ressursbruk.

SHK har i 2020 fokusert på å utvikla og finna ut av kva som er nøkkelfressursane for at Studentunionen skal veksa og bli så god studentorganisasjon som mogleg. HS2020 har konkludert med at onboardingprosessen og kommunikasjon er Studentunionens største utfordringar. HS har dermed funne fleire verkøy og nye måtar og kommunisera på, og dessutan revidert onboardingprosessen.

Studentunionen har vorte tving til og tenkje på ein nye måtar når det gjeld arrangement og dagleg drift. Dermed har studentunionen prøvd ut nokre pilotprosjekt som både har gått bra og dårleg, men konklusjonen er at prosjektstyrt organisasjon fungerer. Ved å gå gjennom organisasjonens medlemmer og finna ut kva er det som motiverer studentane til å vere engasjerte så har dei som har hatt meir å gi, fått fleire oppgåver og moglegheita til å hjelpa til i andre prosjekt enn dei først var sett til å gjere. Prosjekt rekruttering er eit av desse prosjekta. Her har vi tatt engasjerte studentar frå ulike utval, produsert fram eit mandat og prosessen har gått overraskande bra. Samtidig så har rekruteringsprosessen blitt modernisert ved denne modellen.

Omorganisering av TU-apparatet og satsinga på tillitsvalte har òg budd på problem. Det har vorte sett ned ei prosjektgruppe for TU som skal prøva å levera så godt som mogleg på mandatet generalforsamlinga vedtok på generalforsamlinga i vår. TU har rapportert om høgt engasjement i klassar og ved schools. Sjølv om vi ikkje har konkrete indikatorar å måla suksess på dette prosjektet har konklusjonen vert at den har vert vellukka.

Strategien krevde at Studentunionen skal delta på flest mogleg arrangement og stå på stand på alle campus. Det har ikkje vert formålstenleg eller gjennomførbart i år på grunn av korona pandemien. Derimot har vi prøvd å delta på alle digitale arrangement som skulen har arrangert samt prøvd å arrangera så mange som mogleg sjølv, med dei ressursane som har vert tilgjengelege.

Fordelar med å betala avgift var eit viktig punkt frå 2019/2020. Gjennom Intocampus har alle nye studentar fått godt innblikk i kva Studentunionen kan levera av fordelar både økonomisk og sosialt. Det har vert vanskeleg å skaffa fleire økonomiske sponsorar i 2020 på grunn av at

mange av partnerane vora i denne sektoren har hatt permiterte tilsetje, dermed har ikkje dei løyve til å løyva pengar i sponsor midlar.

HS har invitert til, promotert og sendt fleire av medlemmene sine på kurs. Dette har vert eit tiltak for at medlemmer skal få utvikla kompetansen sin. Både leing, administrasjon og organisasjonsrelvante tiltak.

SHK2020 har gjennomgåande fokusert på å laga forutsigbarheit og berekraftige rutinar for drift fleire år framover. For å levera på dette målet har Økonomiansvarlig skriva langtidskontrakter med fleire av vore leverandørar. IC har fått lange kontraktar med lyd produksjon, teltplass og leverandør. SHK har òg skriva langtidskontrakt og fått fastpris på rekneskapsfirma for at SHK skal ha trygg økonomisk drift med eit selskap som kjenner oss framover.

Samtidig som vi har bevisstgjort og fjerna og endra rutinar for rapportering, møtepraksis og rekruttering har studentunionen ein lang veg å og det anbefalast og fokusera på dette i det komande året.

For å effektivisera oppfølging og støtte til dei mindre linjeforeningane ved skulen har både Interesse- og Linjeforeningsutvalget vorte samslått. Dette var eit naturleg val tidleg i perioda fordi jobben er ganske lik. Det er betre å samarbeida på like arbeidsoppgåver i steda for å driva dobbelt arbeid.

Studentunionen 2020 skulle styrka det eksisterande samarbeidet med studentbarane. Der var det planlagt ein felles fagskule fest der både SHK, Hvelvet, og Sjenkestua skulle vere med. Denne vart avlyst på grunn av Korona. Derimot har studentunionen tilbode og gjennomført promotering for barane og dessutan tilbode og gitt økonomisk førstehjelp slik at koronapandemien ikkje skal øydelegga for eit av vore nærmaste velferdstiltak for studentane. HS2020 jobbar framleis med å få institusjonen til å støtta barane for den tapte inntekta si og faste utgifter.

Studentunionen skulle forsikra seg om at kantineråd ordninga fungerte. Dette prosjektet starta i mars, og avslutta når campus stengde. Blir tilrådd å ta opp att ved mogleg høve.

Studentunionen skulle analysere og driftast meir miljøvenlig. Tidleg i perioda gjennomførte HS2020 fleire møter med leverandørar av berekraftige løysingar til IC. Samtidig vart det sett på moglegheita for å få eit berekraftig merke som miljøfyrtornet. Prosjektet vart avlyst for dei økonomiske konsekvensane av det, dessutan vart IC arrangert alternativt. Det anbefalast å prøva på nytt i 2021.

HS2020 lyste ut ledige stillingar til ei «bærekrafts» prosjektgruppe som skulle analysere og finna konkrete tiltak studentunionen kunne gjennomføra for å bli meir miljøbeviste og berekraftige. Prosjektgruppa vart sett ned og det blei lyst ut stillingar internt og eksternt. Det var ingen søkarar og vi må diverre rapportera negativt på dette.

Synleg og attraktiv organisasjon

Studentunionen har arbeidd med å behalde og utvikla sine gode tillitsvalte og engasjerte, og dessutan prøvd å fatta tiltak som skaper fleire søkarar.

Nye måtar og kommunisera på har blitt vurdert. HS2020 har testa ut eit program til prosjektstyring ved namn Trello og er fornøgd med dette. Samtidig har det blitt oppretta ein felles Google disk der alle utval skal heldar aktivt skjula innhald i staden for å aktivt dela med kvarandre. Dette er for å unngå dobbeltarbeid og at produkt blir tapt. Det har òg vorte sett på moglegheita for å gå over til ei Microsoft office365 løysing i samarbeid med institusjonen. Det anbefalast at HS2021 ser på denne løysinga og moglegens implementerer denne.

Heimesida har lenge vort utdatert. Han har vorte oppdatert på fleire delar. HS2020 konkluderer med at han er meir oversiktleg no og det er fleire grundokument og informasjon som er tilgjengeleg der no enn tidlegare. Der i mot vil HS2020 tilrå å gjennomføra ei stor revidering av heimesida i 2021.